

Til Radøy kommune

Sæbøvågen 24.11.14

v/ landbrukskontoret

### Søknad om jordbruksveg

Søkjer med dette om å få lage ein jordbruksveg i Haukelandsmarka ca 520 m lang. Denne vegen vil gå over tre bruk; **Gnr 84 bnr 7** –Reidar Haukeland,

**Gnr 84 bnr 1** -Oddvar Haukeland og **Gnr 84 bnr 4** –Sofie og Johannes Vågenes

Dette er bruk som eg i dag brukar til beite for sauene på garden.

Ein del av område er tidlegare dyrka mark og slåttemark, men er no så overgrodd med einer og lauvskog at det krev mykje arbeid for å rydda.

På vestsida av kommande veg , i ein lengde på ca 400m, er det hogstmoden gran og ein del furu.

Vegen vil gi mulighet til å ta ut denne skogen. Samstundes er vegen tenkt brukt for å få fram gylle og hønselort på beite.

Det er også planlagt eit le-skur til sauens i samband med eksisterande sjeneflor for tilleggsføring om vinteren.

I Haukelandsvika er eg eigars av to naust som er innreda til rorbuer for utleige; gnr 84/16 og 84/7

Vegen er tenkt fram ca 60 m før desse.

Vegen er tenkt lagt fint i terrenget og vil ikkje krevja sprenging av fjell. Heller ikkje skjemmande fyllingar. Den vil ikkje være synleg frå sjø.

På kartet er det frå gammalt av teikna inn ein veg for å henta ut torv. Den nye vegen vil gå omtrent i same trasè.

Det er avholdt møte med grunneigarar for å få utarbeid ein vegavtale. Denne avtalen er under utarbeidelse og vil verta tinglyst.

Med vennleg helsing

Reidar Haukeland

*Reidar Haukeland*